

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 30.10.2008 kl 15:15 – 20.00 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 077/08 - 085/08
Innkalling til møtet var sendt ut den: 24.10.2008.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søyvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Torfinn Aga, vara	Wenke Fredheim Ekren	
Ragnvald Tangedal, vara	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Dina K. Dyrhovden (permisjon) Bjørn Egil Nordland		

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, vara	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith K. Sandnes, vara	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Tore Helland	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Alf Strand
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	Masfjorden Venstre: Interpellasjon om bustadtomtar på Sørsida Masfjorden Frp: Interpellasjon om overskriding under kap. om kultur Interpellasjonane blir tilført under sak om skriv og meldingar
Diverse:	

Kommunestyret starta med synfaring på Nothuset på Sandnes kl. 15.15
Møtet vert sett kl. 16.30.

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar gjorde framlegg om Per Einar Langhelle og Lars Solheim til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes vedteke.

Ordførar orienterte om at det var kome inn to interpellasjonar som ville bli handsama under sak om skriv og meldingar.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
077/08	08/796	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
078/08	08/795	Skriv og meldingar	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
079/08	06/886	Retningslinjer for Idrettsskolen i Masfjorden	11
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
080/08	06/432	Den kulturelle skulesekken - ny treårsplan	14
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
081/08	06/204	Opprusting og større vedlikehald skulebygg	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
082/08	08/22	Val av representant til styret for Kvamsdals Farger og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling	22
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
083/08	08/765	Vedlikehaldsrapport kommunale bygg	24
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
084/08	08/766	2.tertialrapport 2008 - rekneskapsoversyn for perioden 1.1.-31.8.2008	32
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
085/08	08/658	Orienteringssak om budsjett 2009 og økonomiplan 2008 - 2012	36

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	30.10.2008	077/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 08/796
-----------	---------------------

SAK 077/08 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå kommunestyret den 23.09.2008 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-077/08 VEDTAK:

Møteprotokoll frå kommunestyret den 23.09.08 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	30.10.2008	078/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 08/795
-----------	---------------------

SAK 078/08 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	08/4180	I	26.09.2008	Nordhordland eldreråd v/Kåre Eide	Tre resolusjonar frå eldrerådskonferansen den 29.08.2008
2	08/4181	I	26.09.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Invitasjon til vurderingskonferanse for skoleeigarar og skoleleiarar 29. - 30. okt. på Voss
3	08/4309	I	25.09.2008	Kommunal- og Regionaldepartement et	Organisering av sekretærtjenestene for kontrollutvala
4	08/4367	I	07.10.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Statsbudsjettet 2009 - kommuneopplegget
5	08/4414	I	01.10.2008	Kommunal- og regionaldepartemente t	Tilskot til lokale folkevalde grupper
6	08/4495	I	16.10.2008	Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Protokoll frå generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap AS den 16.10.08
7	08/4578	I	20.10.2008	Finansdepartementet	Høyring - forslag om grense for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet
8	08/4589	I	21.10.2008	GMU AS	Ad Industricluseter / Næringshage i Sløvåg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-078/08 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2008:

Ordførar opplyste om at det dagen før kommunestyremøte kom inn to interpellasjonar, ein frå Frp og ein frå Venstre.

Det vart delt ut kopi av interpellasjonane til kommunestyret.

Interpellasjon frå Masfjorden Framstegsparti v/Willy Borge:**Viser til Tertialrapporten for 2. kvartal side 9 under kultur.**

Masfjorden Frp er overrasket over at administrasjonen har en prognose med overskridelser på kulturbudsjettet med kr. 535.000. Dette skyldes i hovedsak auka lønsutgifter grunna en person som er engasjert i oppbygging av samlingene på Kvamsdals Farger og Nothuset på Sandnes, ref. Tertialrapporten.

Det virker som om det er liten respekt for den politiske ledelsen sin styring når administrasjonen ikkje respekterer vedtatt budsjett.

Masfjorden Frp forventer en forklaring fra administrasjonen på kommunestyret den 30.10.08 der det redegjøres for planlagt budsjett og prosessen under prosjektet.

Videre forventer vi at arbeidet med prosjektet stoppes umiddelbart slik at ytterligere overskridelser unngås.

Svar frå ordførar:

Ordføraren viser til det som vart sagt om dette tilhøvet i formannskapsmøtet 21. oktober og den gjennomgangen som ass. rådmann vil ta i samband med presentasjon av økonomirapporten for 2. tertial 2008.

Interpellasjon frå Masfjorden Venstre v/Leila Torsvik Andvik:**Interpellasjon om bustadtomter på Sørsida.**

Masfjorden kommune treng nye innbyggjarar og det er så langt to småbarnsfamiliar som går med seriøse planer om å få byggje seg hus på Einestrand. Den eine familien begynte prosessen med å få byggje hus der i september 2006.

Me har no kome til oktober 2008 utan at noko har skjedd. Me i Venstre er redd for at me misser desse småbarnsfamiliane dersom det ikkje snart skjer noko konkret. Vårt spørsmål til ordføraren er:

Når kan dei som ønskjer å byggje hus på Einestrand starte bygging?

Når det gjeld bustadtomter på Sandnes så heng dei og saman med reguleringsplanen. Kvar i prosessen er ein med denne og når reknar ein med at denne blir ferdig?

Svar frå ordførar:

Ordføraren viser til den orienteringa rådmannen vil gje om pilotprosjektet/Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden, der det vil verta omtale av tiltaka på bustadsida, og spesiell fokus på prosjektet på Einestrand.

Ordførar gjekk no gjennom skriv og meldingar som låg ved sakspapira.

Til skriv1) Resolusjonar frå eldrerådskonferansen

Rådmannen opplyste om at Masfjorden kommune ikkje har noko planar om å leggja ned dagplassar.

Kulturtilbodet vil og bli oppretthalde.

Til skriv 2) Invitasjon til vurderingskonferanse for skoleeigarar

Rådmannen opplyste om at rådgjevar Alf Strand representerte Masfjorden kommune på konferansen.

Til skriv 3) Organisering av sekretærtjenestene til kontrollutvala

Ordførar informerte om organiseringa av sekretærtjenestene for kontrollutvala.

Til skriv 5) Tilskot til lokale folkevalde grupper (Skriv frå dep)

Ordførar sa at kommunestyret må i budsjettet setja av pengar til partistøtte.

Til skriv 6) Protokoll frå generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Willy Borge, Frp, kommenterte utlysinga etter dagleg leiar i GMU AS og sa at han føler det ser ut til å bli meir konsentrert om Sløvåg.

Liv Oda Dale, Ap, spurde om tilsettinga av dagleg leiar og kva funksjon ein dagleg leiar skal ha som skal lønast av selskapet.

Ho spurde og om samansetting av styret og kvifor Wergeland var så sterkt representert då dette var meint å vera eit reint offentleg selskap.

Vigdis Søvik, Sp, spurde om GMU AS var ei vidareføring av det gamle GMU og om Masfjorden kommune er på veg til å gå inn i eit forpliktande økonomisk forhold.

Ordførar svara:

Til Willy Borge: Det er vedtaksfesta at selskapet, med postadresse Dalsøyra, skal arbeide for tilrettelegging for næringsutvikling både i Gulen og Masfjorden. Sløvåg er det felles næringsområdet dei to kommunane i dag har, og det har her vore arbeidd med etablering av eit industricluster/ein næringshage ei tid. Det er difor naturleg at "nye" GMU går inn i dette arbeidet.

Til Liv Oda Dale:

Dagleg leiar sin funksjon framgår stort sett av utlysingsteksten, men det er vel ei klår oppfatning i styret at å få i gong arbeidet med etablering av industricluster/næringshage/næringsbygg vil vera ei prioritert oppgåve.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS vart formelt stifta i slutten av juni av Wergeland Holding AS, og det vart på stiftingsmøtet valt eit interimsstyre på 4 medlemmer frå næringslivet. Etter vedtektene kan styret utvidast til inntil 9 personar.

Etterkvart som dei offentlege eigarane i "gamle" GMU gjorde dei formelle vedtaka og gjennomførde aksjetransaksjonane, vart Wergeland Halsvik AS gradvis innløyste, og det er no berre offentlege eigarar i det nye selskapet.

På generalforsamlinga 16. oktober vart det førebels styret supplert med representantar for 4 av dei offentlege aksjonærane. Hordaland fylkeskommune ynskjer ikkje plass i styret. Det nye styret skal i første omgang arbeide med strategiar og forretningsplanar, og det er viktig med ei brei samansetjing frå aktivt næringsliv og det offentlege.

Til Vigdis Søvik: Masfjorden kommune inngjekk eit økonomisk forpliktande samarbeid gjennom etableringa av Gulen og Masfjorden Utbyggingselskap AS i si tid. Det nye selskapet er ein parallell, men med eit vidare oppgåvespekter. Plikter Masfjorden kommune måtte påta seg gjennom deltakinga i "nye" GMU utover aksjekapitalen, vil verta politisk handsama etter vanlege reglar.

Skriv 8) GMU AS Ad industricluster/næringshage i Sløvåg

Frode Langhelle, H, stilte to spørsmål:

1. Vil eit eventuelt økonomisk engasjement på 250.000,- frå Masfjorden kommune si side for 2009 medføra forventningar/bindingar også for dei komande (4) åra?
2. Dersom GMU AS engasjerer seg i tilsvarande tiltak i Masfjorden kommune, t.d. eit næringsbygg i den tidlegare sandgrupa på Matre, vil ein då kunne forventa at Gulen kommune stiller tilsvarande opp med årlege driftsmidlar?

Ordførar svara:

Spørsmål 1: Det vil vera naturleg å sjå ei slik etablering som eit prosjekt over nokre år, gjerne inntil 5 år.

Spørsmål 2: Dette er spørsmål som så langt ikkje har vore drøfta i selskapet eller mellom kommunane.

Spørsmål:

Marit Steinestø, Krf, spurde om kva næring som kjem i sandgrupa på Matre.

Rådmannen svara at det er ein person som har kjøpt bustadtomt i Solheimsneset som skal starta opp med agentur for anleggsmaskiner.

Orientering/attendemelding til kommunestyret v/rådmann om:

- Pilotprosjektet
- Status planarbeid
- Status bustadbygging
- Status lokalsamfunnsutvikling Matre
- Status lokalsamfunnsutvikling Sandnes
- Status samferdsle Sørsida
- Status lokalsamfunnsutvikling Hosteland
- Status ungdom og kultur
- Status næringsutvikling

Skrivet vart delt ut til kommunestyremedlemmene.

Spørsmål:

Marit Steinestø, Krf, spurde om kommunen har noko ordning for å ønskje nye innbyggjarar velkomne til kommunen.

Viss ikkje burde me som oppmuntringskommune ha ei eller anna form for velkomsthelsing til nye innflyttarar.

Wenke Ekren sa at Masfjorden Næringsforum har vorte samde om å gje ei påskjøning til dei som etablerar seg i kommunen. Det blir då teke kontakt med Brønnøyregisteret med spørsmål om kven som har etablert seg i kommunen. Nyetablerarar vil då få ein blomebukett til jul.

Liv Oda Dale informerte om at frå 2007 har kommunen hatt ei ordning med at dei som får ferdigattest på hus får ein blomebukett.

Rådmannen sa at dette har vore tenkt på tidlegare, men det er folkeregisteret som sit på desse opplysningane slik at det har ikkje vore så enkelt å fylgja med når nokon flyttar til kommunen.

Her må me nok ty til lokale detektivar som kan melda inn til kommunen når dei ser at det har kom nye innbyggjarar.

Orientering:

Ordfører Håkon Matre orienterte om revisjon av Nordhordlandspakken.

Meldingane vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.11.2006	047/06	Alf Strand
Kommunestyret	14.12.2006	065/06	Alf Strand
Formannskapet	21.10.2008	075/08	Alf Strand
Kommunestyret	30.10.2008	079/08	Alf Strand

Arkiv: N-212.314

Arkivsaknr.: 06/886

SAK 079/08 - RETNINGSLINER FOR IDRETTSSKULEN I MASFJORDEN

KS-079/08 VEDTAK:

Retningslinene for idrettsskulen vert vedtekne slik dei ligg føre med denne tilleggformuleringa i pkt 1 føremål:

Innhaldet skal vere tilpassa dei ulike aldersgruppene, og gje ei innføring og rettleiing i ulike basisøvingar. For mellomtrinnet skal deltakarane få høve til å lære og meistre dei ulike idrettsgreinene det vert lagt opp til.

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2008:

Ordførar orienterte om at det i dag var kome epost frå John Torsvik, leiar i Idrettsrådet om eit tilleggsframlegg til saka om retningslinjer for idrettsskulen.

Framlegg om tilleggformulering under pkt 1 – føremål:

Innhaldet skal vere tilpassa dei ulike aldersgruppene, og gje ei innføring og rettleiing i ulike basisøvingar. For mellomtrinnet skal deltakarane få høve til å lære og meistre dei ulike idrettsgreinene det vert lagt opp til.

Framlegg til vedtak med tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

FS-075/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Retningslinene for idrettsskulen vert vedtekne slik dei ligg føre.

Finansiering

Treng ikkje ekstra finansiering

Heimel**Utskrift til:**

Skulane i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningslinene for idrettsskulen vert vedtekne slik dei ligg føre.

Finansiering

Treng ikkje ekstra finansiering

Heimel**Utskrift til:**

Skulane

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	24.09.2006	Idettsrådet i Masfjorden v/John Torsvik	Gjeld oppstart av idrettsskule i Masfjorden
3	U	05.01.2007	Idettsrådet i Masfjorden v/John Torsvik	Melding om vedtak - Idrettsskule i Masfjorden
4	U	12.03.2008	Lærarane i idrettsskulen	INNKALLING TIL LÆRARMØTE I IDRETTSKULEN
5	U	29.05.2008	Fleire mottakarar	Referat etter møte med lærarane i idrettsskulen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Då Kommunestyret 14.12.2006 vedtok å oppretta ein idrettsskule for elevar på barnesteget i Masfjorden kommune, vart det ikkje vedteke retningsliner for idrettsskulen. Kulturskulen har på si side hatt retningsliner for si verksemd heilt tilbake til i alle fall 1990.

FAKTA

Idrettsskulen starta hausten 2007 og gjev tilbod til elevane på 1. til 7. årssteg på alle skulane. Oppslutnaden er god. Skuleåret 2007-08 hadde idrettsskulen 110 elevar og inneverande skuleår er det om lag like mange påmelde.

Retningslinene er utarbeidde etter mønster av det tilsvarande regelverket som gjeld for kulturskulen.

RETNINGSLINER FOR IDRETTSSKULEN

Føremål

1 Hovudføremålet med idrettsskulen er å gje born i alderen 6 til 13 år høve til allsidig fysisk aktivitet i tillegg til det dei er med på gjennom skuledagen.

Generelle retningsliner

1 Idrettsskulen er ein open og frivillig skule, driven av Masfjorden kommune. Administrativt er han plassert under rådmannen. Rådgjever for oppvekst og kultur har ansvar for det daglege administrative og faglege arbeidet ved skulen.

2 Idrettsskulen følgjer grunnskulen sitt undervisningsår, med dei same feriar og fridagar.

3 Innmelding i idrettsskulen skal skje i april kvart år og vera skriftleg. Søknadsskjema vert lagt ut på Masfjorden kommune si heimeside og kan dessutan hentast på skulane. Påmeldinga gjeld for eit skuleår om gongen dersom ikkje tvingande grunnar, t.d sjukdom eller flytting, hindrar ein elev i å delta.

4 Elevkontingenten vert innkravd ein gong i skuleåret og skal betalast til Masfjorden kommune ved forfall. Dersom ikkje rekninga vert betalt ved forfall, kan idrettsskulen, ved kommunekassen, seia opp kontrakten med eleven. Det er då ein månads oppseiingstid. Elevkontingenten vert fastsett av kommunestyret kvart år i samband med budsjetthandsaminga..

VURDERING

Retningsliner for idrettsskulen er viktige for at kommunen skal ha oversyn over styringsstrukturen og innhaldet. Det er dessutan nødvendig at kommunen har eit regelverk for innkrevjing av avgiftene.

KONKLUSJON

Retningslinene vert vedtekne slik dei ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	30.10.2008	080/08	Alf Strand

Arkiv: N-212 - Grunnskulen, N-PERM PÅ OPPVEKST	Arkivsaknr.: 06/432
---	---------------------

SAK 080/08 - DEN KULTURELLE SKULESEKKEN - NY TREÅRSPLAN

KS-080/08 VEDTAK:

Planen for Den kulturelle skulesekken i Masfjorden for perioden 2008-11 vert godkjend slik han ligg føre.

Finansiering:

Kommunale løyvingar til DKS må leggjast inn i budsjettet kvart år.

Heimel

Utskrift til:

Skulane

DKS Hordaland

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planen for Den kulturelle skulesekken i Masfjorden for perioden 2008-11 vert godkjend slik han ligg føre.

Finansiering:

Kommunale løyvingar til DKS må leggjast inn i budsjettet kvart år.

Heimel

Utskrift til:SkulaneDKS Hordaland**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
12	U	14.02.2008	Nordhordland revisjon IKS	REKNESKAP FOR DEN KULTURELLE SKULESEKKEN 2007
13	U	27.02.2008	Den kulturelle skulesekken i Hordaland	REKNESKAP FOR DEN KULTURELLE SKULESEKKEN 2007
14	I	19.05.2008	Kultur og kirkedep.	Informasjon om tildeling av spelemidlane i den kulturelle skulesekken
15	U	13.08.2008	Medlemmene i gruppa	INNKALLING TIL MØTE I STYRINGSGRUPPA FOR DEN KULTURELLE SKULESEKKEN
16	U	22.08.2008	Medlemmene i gruppa	REFERAT FRÅ MØTE
17	I	27.08.2008	Hordaland fylkeskommune	Fordeling av midlar for skuleåret 2008/09
18	U	17.09.2008	Medlemmene i styringsgruppa for DKS	INNKALLING TIL MØTE
19	U	26.09.2008	Hordaland fylkeskommune	RAPPORT FOR DKS I MASFJORDEN SKULEÅRET 2007-08
20	U	26.09.2008	Medlemmene i gruppa	REFERAT FRÅ MØTE
21	I	07.10.2008	Prosjekt Tidleg tiltak - varig verknad	Søknad om midlar frå den kulturelle skulesekken 2008
22	U	14.10.2008	Prosjekt Tidleg tiltak - varig verknad	Søknad om midlar frå den kulturelle skulesekken 2008

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Den førre planen for Den kulturelle skulesekken (DKS) vart vedteken av kommunestyret 3. mars 2005 og galdt for perioden 2005-2008. Det må difor lagast ein ny plan slik at me framleis kan få fylkeskommunale midlar til kulturelle tiltak for elevane i grunnskulen.

HØYRING

Utkast til ny plan vart drøfta på møte i styringsgruppa for DKS 22. august og 26. september 2008. Utkastet har vore ute på høyring på skulane fram til 10. oktober.

VURDERING

Den kulturelle skulesekken har gjennom dei åra ordninga har eksistert, vore eit tiltak som elevane våre har hatt stor glede av. På skulane er det difor stor interesse for at arbeidet må halda fram. For at me framleis skal få midlar frå Den kulturelle skulesekken, må det lagast ein ny 3-årsplan. Planen byggjer i store trekk på den planen som vart vedteken i 2005, men han er oppdatert og tilpassa den praksis ein no har.

Det er ikkje lenger eit krav at den kommunale planen for Den kulturelle skulesekken skal vedtakast av kommunestyret. Rådmannen vel likevel å leggja planen fram til politisk handsaming, slik at kommunestyret skal få god orientering om kulturarbeidet i skulen.

KONKLUSJON

Planen for Den kulturelle skulesekken i Masfjorden for perioden 2008-11 vert godkjend slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2008	076/08	Alf Strand
Kommunestyret	30.10.2008	081/08	Alf Strand

Arkiv: N-212

Arkivsaknr.: 06/204

SAK 081/08 - OPPRUSTING OG STØRRE VEDLIKEHALD SKULEBYGG OG BARNEHAGE

KS-081/08 VEDTAK:

Rådmannen vil tilrå ei slik prioritering av opprustning og større vedlikehold på skulebygg for åra 2009-2012:

- 1 Opprustning gymsal og garderobar m/ ventilasjon Matre skule
- 2 Trafikksikring Sandnes skule
- 3 Skifte av vindauge adm.fløy Sandnes skule
- 4 Opprustning av elektriske anlegg alle skulane
- 5 Skifte av vindauge og etterisolering tak Matre skule
- 6 Ventilasjon Sandnes skule
- 7 Ventilasjon Nordbygda barnehage
- 8 Nytt tak i to klasserom, Sandnes
- 9 Ventilasjon gymsal Nordbygda skule
- 10 Trafikksikring Matre skule
- 11 Enøk-tiltak alle skulane
- 12 Uteområde Matre skule
- 13 Ventilasjon Indre Masfjorden barnehage
- 14 Opprustning garderobar Nordbygda skule
- 15 Ventilasjon Nordbygda skule

Finansiering

Innan vedteke budsjett.

Heimel

Utskrift til:

Skulane

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2008:

Saka vart drøfta.

Ragnvald Tangedal, Ap, spurde om lista var ei prioriteringsliste. I så fall burde ventilasjonsanlegga samkøyrast på alle bygga slik at ein fekk ei kostnadsinnsparing.

Rådgjevar Alf Strand svara at dette var i utgangspunktet ei prioriteringsliste, men at det sjølvsagt er ting som kan samkøyrast. Dette må vurderast av vedlikehaldsfolka våre.

Laila S. Reknes, Ap, sa at ho ville retta opp i høve det ho sa i formannskapet den 21.10.08 om at golvet i Nordbygda barnehage ikkje var godkjent. Dette var feil. Det rette er at dei ynskjer seg nytt golv. Reknes etterlyste og kvar i systemet eit nytt garderobetilbygg til barnehagen låg.

Rådgjevar Alf Strand svara at dette ikkje er snakk om eit tilbygg, men ei ominnreiing som kjem under vanleg vedlikehald. Dette vil bli gjort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS-076/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Rådmannen vil tilrå ei slik prioritering av opprustning og større vedlikehald på skulebygg for åra 2009-2012:

- 1 Opprustning gymsal og garderobar m/ ventilasjon Matre skule
- 2 Trafikksikring Sandnes skule
- 3 Skifte av vindauge adm.fløy Sandnes skule
- 4 Opprustning av elektriske anlegg alle skulane
- 5 Skifte av vindauge og etterisolering tak Matre skule
- 6 Ventilasjon Sandnes skule
- 7 Ventilasjon Nordbygda barnehage
- 8 Nytt tak i to klasserom, Sandnes
- 9 Ventilasjon gymsal Nordbygda skule
- 10 Trafikksikring Matre skule
- 11 Enøk-tiltak alle skulane
- 12 Uteområde Matre skule
- 13 Ventilasjon Indre Masfjorden barnehage
- 14 Opprustning garderobar Nordbygda skule
- 15 Ventilasjon Nordbygda skule

Finansiering

Innan vedteke budsjett.

Heimel**Utskrift til:**

Skulane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen vil tilrå ei slik prioritering av opprustning og større vedlikehald på skulebygg for åra 2009-2012:

- 1 Opprustning gymsal og garderobar m/ ventilasjon Matre skule
- 2 Trafikksikring Sandnes skule
- 3 Skifte av vindauge adm.fløy Sandnes skule
- 4 Opprustning av elektriske anlegg alle skulane
- 5 Skifte av vindauge og etterisolering tak Matre skule
- 6 Ventilasjon Sandnes skule
- 7 Ventilasjon Nordbygda barnehage
- 8 Nytt tak i to klaserom, Sandnes
- 9 Ventilasjon gymsal Nordbygda skule
- 10 Trafikksikring Matre skule
- 11 Enøk-tiltak alle skulane
- 12 Uteområde Matre skule
- 13 Ventilasjon Indre Masfjorden barnehage
- 14 Opprustning garderobar Nordbygda skule
- 15 Ventilasjon Nordbygda skule

Finansiering

Innan vedteke budsjett.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
7	I	21.03.2006	Fau v/Kenneth Ø. Monsen	Gjeld uteområdet Matre skule
1	I	31.03.2006	Matre skule	Skulebruksplan for Matre skule
2	I	02.11.2006	Sandnes Skule / Kjellaug B. Strand	Uttale skulebruksplan Sandnes skule
3	I	06.11.2006	Nordbygda skule v/ Berit Lygre	Uttale skulebruksplan Nordbygda skule
4	I	07.12.2006	Utdanningsforb. Nordbygda skule	Kommentarar frå klubben ved Nordbygda skule - Skulebruksplanen
8	I	29.06.2007	Matre skule v/Liv Øydis Trædal	Gjeld opprusting av gymsal ved Matre skule
6	I	04.09.2007	Nordbygda skule	Uttale til skulebruksplan - pkt 3 Nordbygda skule
9	I	06.09.2007	Undervisingsforbundet Nordbygda skule	Skulebruksplan Nordbygda skule
10	U	17.09.2007	Undervisingsforbundet Nordbygda skule	Skulebruksplan Nordbygda skule
11	U	01.11.2007	Formannskapet/Kommunestyret	Skulebruksplan for Masfjorden 2007-2011
12	I	29.11.2007	rektor Liv Øydis Trædal	Opprusting av gymsal og garderobar m/ventilasjon på Matre skule
13	U	04.12.2007	rektor Liv Øydis Trædal	Opprusting av gymsal og garderobar m/ventilasjon på Matre skule
14	U	04.01.2008	Skulane	Melding om vedtak - skulebruksplan for skulane i Masfjorden

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok 13.12. 2007 skulebruksplanen for åra 2007-2011. I same saka vedtok ein òg ei prioriteringsliste for opprustning og større vedlikehaldsprosjekt på skulane.

Lista såg slik ut:

- 1 Tak over spesialromfløy Nordbygda skule (blir fullført i år)
- 2 Tak klasseromsfløy Nordbygda skule (blir sett i gang i år)
- 3 Trafikksikring Sandnes skule
- 4 Skifte av vindauge adm.fløy Sandnes skule
- 5 Opprustning gymsal og garderobar m/ ventilasjon Matre skule
- 6 Ventilasjon Sandnes skule
- 7 Skifte av vindauge og etterisolering tak Matre skule
- 8 Ventilasjon gymsal Nordbygda skule
- 9 Brannsikring Sandnes skule
- 10 Trafikksikring Matre skule
- 11 Enøk-tiltak alle skulane
- 12 Uteområde Matre skule

På denne prioriteringslista er følgende punkt utførte:**1 Tak over spesialromfløy Nordbygda skule**

Fullført desember 2007.

2 Tak klasseromsfløy Nordbygda skule

Fullført august 2008

9 Brannsikring Sandnes skule

Fullført sommaren 2008. Godkjenning i disse dagar.

FAKTA/ VURDERING

I samband med statsbudsjettet for 2009 er det kome fram at ordninga med at kommunane kan søkja rentefrie lån til større vedlikehaldsarbeid, held fram. Med same ramme som tidlegare vil det kunne bety 7,0 mill for Masfjorden kommune. Ordninga skal no også omfatta barnehagar og symjebasseng.

I 2007 og 2008 har me teke eit krafttak med store utbetringar på Nordbygda skule. Framleis står det att store behov for opprustning og ekstra vedlikehald på alle skulane. Rådmannen vil tilrå at ein så langt råd følgjer den vedtekne prioriteringslista frå desember i fjor med dei tilpassingar som er nødvendig.

Rådmannen vil tilrå ei slik prioritering for åra 2009-2012:

Stipulert kostnad står i parantes.

1 Opprustning gymsal og garderobar m/ ventilasjon Matre skule	(1,5 mill)
2 Trafikksikring Sandnes skule	(0,5 mill)
3 Skifte av vindauge adm.fløy Sandnes skule	(0,2)
4 Opprustning av elektriske anlegg alle skulane	(1,5)
5 Skifte av vindauge og etterisolering tak Matre skule	(1,0)
6 Ventilasjon Sandnes skule	(1,5)
7 Ventilasjon Nordbygda barnehage	(0,4)
8 Nytt tak i to klasserom, Sandnes	(0,3)
9 Ventilasjon gymsal Nordbygda skule	(0,5)
10 Trafikksikring Matre skule	(0,25)
11 Enøk-tiltak alle skulane	(0,5)
12 Uteområde Matre skule	(0,5)
13 Ventilasjon Indre Masfjorden barnehage	(0,3)
14 Opprustning garderobar Nordbygda skule	(0,5)
15 Ventilasjon Nordbygda skule	(1,5)
I alt	(10,95 mill)

Andre tiltak som må setjast i verk på sikt:

16 Reinsing ventilasjonsanlegg Sandnes barnehage	(0,05)
17 Ventilasjon klasserom Matre skule	(1,5)
18 Opprustning VA-anlegg alle skulane	(1,25)
19 Oppgradering klasserom 3 skular	(3,0)
20 Oppretting av golv og nytt belegg på alle skulane	(1,2)
21 Nye himlingar i korridorar og klasserom, etterisolering Sandnes	(1,25)
22 Skifta vindauge og skifta kledning, Nordbygda	(0,7)
23 Generell oppussing, Nordbygda	(0,5)

KONKLUSJON

Framlegget til prioritering av opprustning og større vedlikehald vert vedteke slik det ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2008	077/08	Alf Strand
Kommunestyret	30.10.2008	082/08	Alf Strand

Arkiv: N-255

Arkivsaknr.: 08/22

SAK 082/08 - VAL AV REPRESENTANT TIL STYRET FOR KVAMSDALS FARGERI OG MASFJORDEN BÅT- OG SJØBRUKSSAMLING

KS-082/08 VEDTAK:

Berit Lygre er oppnemnt av Masfjorden kommunestyre til representant i styret for Kvamsdals Fargerier og Masfjorden Båt- og Sjøbrukssamling.

Utskrift til:

Berit Lygre

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2008:

Leiar i valnemnda Laila S. Reknes gjorde framlegg om Berit Lygre som kommunestyret sin representant i styret for Kvamsdals Fargerier og Masfjorden Båt- og sjøbrukssamling.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS-077/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

Det skjedde i Formannskapet den 21.10.2008:

Saka vart drøfta.

Leiar i valnemnda Laila S. Reknes sa at valnemnda no arbeider med dette slik at det vil liggja føre eit framlegg til representant til kommunestyret den 30.10.08.

Formannskapet tok opplysninga til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Utskrift til:

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.01.2008	Masfjorden kommune	Leigeavtale om bruk av Kvamsdals Fargerier på Massfjordnes
2	U	16.01.2008	Sonja Berlin	INVITASJON
3	U	07.02.2008	Magnhild kvamsdal Hope	STYRE FOR KVAMSDALS FARGERIER OG SANDNES NOTHUS

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i møtet 23. september d.å, sak 63/08:

Det vert oppretta eit felles styre for Kvamsdals fargerier og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. Styret vert samansett slik:

- 1 representant for eigarane av fargeriet**
- 1 representant for rådmannen**
- 1 representant for Museumssenteret i Hordaland**
- 1 representant for kommunestyret**
- 1 representant for Sandnes Vel**

I møtet var det ingen frå kommunestyret som sa seg villig til å ta på seg dette vervet. Ordførar konkluderte då med at valnemnda prøver å finna ein person som skal representera Masfjorden kommunestyre i styret for Kvamsdals fargerier og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling.

VURDERING

Eigarane har valt sin representant. Det har gått ut brev til Museumssenteret i Hordaland og Sandnes Vel med oppmoding om at dei oppnemner kvar sin representant. Målet må vera at styret skal vera klart til å starta sitt arbeid i januar 2009.

KONKLUSJON

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	21.10.2008	078/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	30.10.2008	083/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-130

Arkivsaknr.: 08/765

SAK 083/08 - VEDLIKEHALDSRAPPORT KOMMUNALE BYGG

KS-083/08 VEDTAK:

Vedlikeholdsrapporten vert teken til vitring. Med noverande bygningsmasse har Masfjorden kommune eit vedlikehaldsbehov/oppgraderingsbehov på kort sikt på 34 mill.kr.

	Ambisjonsnivå A		Ambisjonsnivå B	
	Kr	Kr m2	Kr	Kr m2
Kort periode 0-5 år	34 000 000	1 522	34 000 000	1 522
Lang periode 6-10 år	62 900 000	2 816	35 600 000	1 594
Totalt	96 900 000	4 338	69 600 000	3 116

Finansiering

Det vert laga eigen vedlikehaldsplan som tek for seg tiltak og finansiering.

Heimel

Utskrift til:

Nordhordland revisjonsdistrikt

Det skjedde i Kommunestyret den 30.10.2008:

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Marit Steinestø, KrF, spurde kvifor ikkje kyrkjene var med i denne rapporten.

Ass. rådmann svara det er kome førespurnad om å kartleggje vedlikehaldet i kyrkjene. Dette er drøfta med Fellesrådet.

Willy Borge, Frp, spurde om det er mogleg å anslå kor mykje av dei 34 mill. som vil gå med til vedlikehald av MAS (den gamle alders- og sjukeheimen) og to-mannsbustaden på Matre. Borge sa at det vil vera fornuftig å kvitta seg med noko av den gamle bygningsmassen og heller satsa på å byggja nytt.

Ass. rådmann svarta at han ikkje har noko konkret tall på kva kor mykje dei omtalte bygga utgjer av total vedlikehaldssum, med det er bede om ei utgreiing av dei som har laga rapporten over dette.

Laila S. Reknes, Ap, spurde om denne rapporten kan sjåast i samanheng med vedlikehaldsplanen frå Teknisk, miljø og landbruk.

Ass. rådmann svarta at denne rapporten er ei kartlegging over vedlikehaldsbehovet i kommunen, men rapporten er lagt til grunn for utarbeiding av vedlikehaldsplanen for Teknisk, miljø og landbruk som går på kostnad for vedlikehald i 5 års perioden.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at denne kartlegginga er bestilt av KS og er ei kartlegging over vedlikehaldsbehovet i heile kommuneNorge. Den bind oss ikkje opp til noko som helst, men vil synleggjere overfor statlege myndigheiter kva kommunane treng av midlar til vedlikehald.

Frode Langhelle, H, ba om tilbakemelding til kommunestyret over status for dei ulike bygga og kva bygg som skal seljast.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS-078/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Vedlikehaldsrapporten vert teken til vitring. Med noverande bygningsmasse har Masfjorden kommune har eit vedlikehaldsbehov/oppgraderingsbehov på kort sikt på 34 mill.kr.

	Ambisjonsnivå A		Ambisjonsnivå B	
	Kr	Kr m2	Kr	Kr m2
Kort periode 0-5 år	34 000 000	1 522	34 000 000	1 522
Lang periode 6-10 år	62 900 000	2 816	35 600 000	1 594
Totalt	96 900 000	4 338	69 600 000	3 116

Finansiering

Det vert laga eigen vedlikehaldsplan som tek for seg tiltak og finansiering.

Heimel

Utskrift til:

Nordhordland revisjonsdistrikt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlikehaldsrapporten vert teken til vitring. Med noverande bygningsmasse har Masfjorden kommune har eit vedlikehaldsbehov/oppgraderingsbehov på kort sikt på 34 mill.kr.

	Ambisjonsnivå A		Ambisjonsnivå B	
	Kr	Kr m2	Kr	Kr m2
Kort periode 0-5 år	34 000 000	1 522	34 000 000	1 522
Lang periode 6-10 år	62 900 000	2 816	35 600 000	1 594
Totalt	96 900 000	4 338	69 600 000	3 116

Finansiering

Det vert laga eigen vedlikehaldsplan som tek for seg tiltak og finansiering.

Heimel

Utskrift til:

Nordhordland revisjonsdistrikt

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	16.10.2008	Multiconsult	Matrise - teknisk tilstand - oversikt over kommunale bygg

- KS, invitasjon til å delta i prosjekt "vedlikehald i kommunesektoren" – 30. januar 2008
- Multiconsult – kartleggingsgrunnlag kommunale bygg m.m.
- NOU 2004:22 velholdte bygningar gir mer til alle
- Rapport vedlikehaldsprosjektet – KS/Multiconsult/PWC av 15. september 08
